

Vedtak

Tokke kommune lyser ut 8 løyve for leigekøyring med snøscooter i Tokke kommune.

Følgjande kriterium skal leggest til grunn:

1. Søkar må ha organisasjonsnr. Vilkår i forskrifta. Kommunen ser på dette som ei næring.
2. Søkar må bu i Tokke kommune.
3. Dei som bur lokalt har fortrinn framfor dei i andre delar av kommunen.
4. Dei som har drive med leigekøyring før, går før nystarta.
5. Det vert i utgangspunktet bare gjev eitt løyve pr. organisasjonnr. Det må særlege grunnar til dersom ein skal gjeva fleire løyve på same org. Kva det skal vera kan vi ikkje sjå pr. i dag.
6. Det vert gjeve 3 løyve på dei to fyrste områda - og 2 på det andre området.
7. Løyve gjeld heile kommunen.
8. Køyrebok må sendast kommunen etter kvar sesong , sinast 1. juni. Dersom ein ikkje har hatt køyring 2 år på rad, vert løyve trekt inn og lyst ut til andre.
9. Namnet og mobilnr. til dei som har løyve vert lagt ut på kommunen si heimeside.
10. Løyva gjeld for 3 år.

Tokke røde Kors gjer ein flott jobb på fleire områder i Tokke. Dei har tidlegare hatt eit løyve. Det ligg her eit potensiale til å skaffe seg litt inntekter .

Vi ynskjer å sjå på deira søknad utanom det ordinære regelverket. Dersom dei søker bør dei få eit transportløyve for å styrke økonomien sin.

Søknadsfrist 2. januar 2012